



Referat frå styremøte Oppland Bygdekvinne lag

På teams 03.04 kl 19

Tilstades: Borgny, Anne-Grete, Margaret, Ingrid, Kjersti og Ingerid.

Forfall: Bygdeungdomslaget

Sak 12/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent.

Sak 13/25 Godkjenning av referat frå førre møte

Referat frå førre møte godkjent. Det er ikkje skrive møtetreferat frå dagmøtet vi hadde 8. mars. Borgny seier ho vil hjelpe med dette.

Sak 14/25 Konstituering av det nye styret.

Fylgjande oppgåver blir fordelt:

Ingrid er nestledar

Ingerid fortset som sekretær året som kjem. Grunnoppgåve å skrive referat frå møta, sende til godkjenning i styret før det blir låst i PDF og lagt ut på nettsida. Sekretær vil friske opp att kunnskap om bruk av nettsida, og kan på vegne av distriktslaget legge ut innlegg der. Styret er til hjelp i forhold til tema og aktuelle bilete.

Borgny er administrator for facebook og vil halde fram å dele innlegg der.

Årsmøteutsending og representant til Bygdeungdomslagets styre: Anne Grete

Bygdekvinnelagets utsending til Bondelagsstyret er Borgny. (Denne oppgåva blir delt mellom Oppland og Hedmark, så no har Oppland plass i 2 år.)

Styret vil jobbe hardt for å få inn nok midlar til å oppretthalde god aktivitet. Vi vil søke pengar frå eksterne tilskotsordningar knytta til tiltak. Dette temaet vil ein snakke meir om på neste møte for å lage ein betre plan.

Vi drøftar også ideen om å få i gang eit lotteri med fine gevinstar. For at dette skal bli ryddig og greitt, så vil vi no fyrst prøve å få til ein eigen vipps som er knytta til distriktslaget. Saka blir vidaredrøfta på neste møte.

Sak 15/25 Runden I Oppland

- Anne Grete har ikkje noko å melde frå Valdres akkurat i dag.
- Ingrid fortel frå Nord-dalen:

Dovre skal delta med vaffel på loppemarked. Dei skal ha avleggermøte i mai og blomsterauksjon i juni. I forbindelse med prosjekt friluftsliv, så har dei invitert barnehagen og kommunestyret til servering av rivesuppe ute. I løpet av våren vil Kjevle, som hederspris, bli delt ut på eit av møta.

Lom har laga handlenett og bivokspapir. Ukrainske damer er invitert. Lom ynskjer å kjøpe Rollup til sitt lag, og lurar på om fleire lag også vil kjøpe dette. (styret spør om fleire vil ha)

Lesjaskog fortel om 14 nye medlemmar. Dei har Nøysomarrangement med «dyrk sjølv», dei skal snekre blomsterkasser, har kaffesalg på fjellnær. Skal også ha tema «giftfri heim» som del av Nøysom.

Lesja har laga årsplan. Har plan om damekveld, dei skal lage bivokspapir, dei skal på seterbesøk og ta del i prosjekt om tradisjonsbakst med fleire lag. Dei strikkar også labbar til nyfødde.

Vågå har møte kvar månad. Dei har besøkt og fått omvisning på handtverkshagen på Lalm. Dei har også vore på besøk hjå Vågå ull og Finntunet. Dei fortel at dei også har hatt møte der Beredskap har stått på agendaen.

Ingerid fortel frå sine lag:

Har invitert alle kontaktlaga frå Sør Gudbrandsdal til felles møte for 2 repr frå kvar. Dette skjer 22. 04. Reknar med å få ei oppdatering på kva dei driv med då.

Har snakka med Øyer, og dei har søkt friluftslivspengar. Var imponert over kor rask saksgangen var.

Elles planlegg Øyer bokbad i mai rundt boka «Odelsskam» og så skal dei ha sosial kveld på pizzarestauranten i sentrum i morgon.

- Kjersti fortel frå sine lag:
 - Østre Toten har samarbeida med hagelaget og hatt tema nyttevekster saman med Lina.
 - Vestre Toten har gjennomført aktivitet rundt Beredskapshagen.
 - Snertingdal har nyleg hatt Vinteraktivitetsdag
 - Vardal har hatt tema KI – Kunstig intelligens. Dei skal seinare arrangere «Juniorfarmen» og planlegg tur til Roseslottet.
 - Biri har møte om poteten som råvare. Skal arrangere klesbyttedag, turer og Allsang.

- Margaret fortel frå sine lag:

Torpa og Nordre Land skal ha fellesarrangement 10. mai som handlar om bygdeutvikling.

Elles skal Torpa ha avleggarauksjon og Nordre Land skal på besøk på ysteriet i Snertingdal i nær framtid.

(Dei andre laga har ikkje gjeve tilbakemelding før dette møtet)

- Borgny fortel om møte i bondelaget og bygdeungdomslaget:

Tema der handlar mykje om jordbruksforhandlingar. Dersom det blir brudd, så kan det bli aksjon 16. mai.

I BU er det Landsstevnet i veke 29 som har fokus.

Sak 16/25 Samling i Grøna 23.-24.august 25

Kjersti vil vera vertinne når vi kjem til Grøna. Det er nok senger der til ein god flokk, men det vil vera slik at ein i stor grad må dele leilighet eller rom med ein anna deltakar.

Vi ynskjer å delta på «helt på jordet» laurdagen. Kanskje kan vi møte direkte der? Og reise til Grøna når det lir mot kveld. Måltid laurdagskveld på Grøna med catering. Vi ordnar frukost sjølve søndag i fellesskap.

Vi snakkar også om å besøke Lina og Tor som kan snakke om dyrking og mat.

Helen har også ein fin hage som er verdt eit besøk. Margaret vil undersøke om dette er aktuelt.

Audun Mysja er ein kapasitet både når det gjeld musikk og forebygging av stress. Kjersti undersøker om vi kunne besøkt han på Kapp på søndagen.

Stenbergmuseet er også nevnt som aktuelt for eit besøk.

Tilbod om deltaking på denne helgeturen går til alle medlemmar i Oppland.

Program med prisar og nok info blir gjort ferdig på neste styremøte. Dagpris og helgepris

Sak 17/25 Andre arr i år?

- Ingerid og Kjersti vil ha regionsamling i sine ansvarsområde i løpet av våren, sidan vi ikkje hadde det i haust.
- Det kan vera fint å få til eit samarbeid med Lillehammer husflidslag til hausten, med tema « Å reparere sjølv» Borgny og Margaret tek ansvar for å ta kontakt

med laget og kome i gang med eit evt samarbeid. Pengar frå Nøysom er tenkt brukt her.

- Vi snakkar også om eit samarbeid med Hageland/Kjell på Bjørke på Kvam. Kurs: Dyrk sjølv kurs, med foredrag. For eksempel 1,5 time, åpent arrangement for alle.

Når det gjeld tankar om neste årsmøte, så erfarte vi denne gongen at det lett kan bli avlysningar i siste liten. Derfor ein tanke å bestille to rom mindre enn ein treng neste år. Dersom det så skulle knipe og det ikkje er nok rom, så kan kanskje styret dele rom med kvarandre.

Nytt styremøte 28.04. klokka 20 på teams.

Ingerid (ref)